



Bømlo
kommune

Kva skjer

Her er nokre av aktivitetane i nærområdet ditt **25. mai til 31. mai**



Måndag 25. Kl. 19.00 - Orgelkonsert - Bremnes kyrkje

Orgelkonsert ved Ivar Mæland. Programmet vil innehalda musikk frå Franz Liszt, J.S. Bach, C. Tournemire, S. Eftestøl, Ch.M.Widor og organisten sjølv.



Tysdag 26. Kl. 11.30 - Senioruniversitetet - Bømlo kulturhus

Journalist og forfattar Torbjørn Færøvik kjem til senioruniversitetet denne tysdagen med foredraget "Eventyrlige India - fra fattig til rik?"
Billettpris kr 175



Onsdag 27. Kl. 12.15 - Seniorsymjing - Bømlo symjehall

Trening og sosialt samvær i eit litt rolegare miljø. Ein kan symje i begge bassenga etter ynskjer og delta på ei økt med aqua gym om ein vil. Aqua gym startar kl 13.30. Bill.pris kr 75



Torsdag 28. Kl. 10.00 - Torsdags treff - Røde Kors huset

Bli med på torsdagstreff i Røde Kors huset kvar torsdag. Treffnen startar med stol trim kl 10.00 og kl. 11.00 er det servering av smørbrød, kaffi og kaffimat. Alle er velkomne



Laurdag 30. Kl. 14.30 - Sjøkart nr. 19 - Melingsvegen 59

Familiekonsert med Sjøkart nr. 19 hos Vinsen 59 på Meling. Konserten er gratis.



Laurdag 30. Kl. 11.00 - Folk på Bømlo - Svortland

Velkomen til den årlege folkefesten "Folk på Bømlo". Her blir det eit grande liv med mykje kjekt som skjer heile dagen. Les meir om arrangementet og Folk på Bømlo på facebookside dei har der.

Ynskjer du informasjon om fleire aktivitetar?

Gå til nettsidene bomlo.kommune.no

Leveres i
samarbeid med



Nytt og nyttig

Folkefest på Bømlo 30. mai

Velkomen til den årlege folkefesten "Folk på Bømlo" laurdag 30. mai. Her blir det eit yrande liv med mykje kjekt som skjer heile dagen. Les meir om arrangementet og Folk på Bømlo på facebookside dei har der.

Folk på Bømlo 2026 er ein inkluderande møteplass for små og store, med frivilligheit, kultur og fellesskap i sentrum. I området rundt Bømlo kulturhus og Storavatnet fyller lag og organisasjonar på med aktivitetar for heile familien, saman med eit variert sceneprogram.

Publikum kan gle seg til underhaldning og allsong på Bakkjen. Kjende ABBA-låtar skapar god stemning og fellesskap, og det blir lett å syngja med når artistane inviterer publikum med, også til klassikarar mange kjenner frå før.

Folk på Bømlo gir høve til å oppleve breidda i det lokale engasjementet, oppdaga nye tilbod og møta folk på tvers av alder og interesser. Arrangementet er gratis og ope for alle, og passar godt for familiar, unge, vaksne og seniorar.

Ingen treng gå svoltne frå sentrum denne dagen då det vil bugna av matrettar frå alle verdas hjørner laga til av folk i vårt mangfaldige lokalmiljø. Det skal godt gjerast å ikkje finne noko av interesse blant dei utallige aktivitetane i regi av våre lag og organisasjonar.



Foto: Privat foto

Kontaktinformasjon Bømlo kommune:

E-post: postmottak@bomlo.kommune.no

Telefon: 53 42 30 00